

Bra besøk på TI-aren i dag**31.08.2010**

Etter litt sviktande besøk førre tysdagen på TI-aren kom det fleire i dag for å nyta godsakene til dei iherdige dugnadsdamene.

Det kom 29 vaksne og 7 born..

Sist tysdag var 21 vaksne og 4 born innom og for to veker sidan var tala 30 og 9. Det er grunn til å venta ein viss auke utover hausten.

Gjestene trivs i Gamleskulen, men det blir bemerka at akustikken ikkje er den beste i lokalet. Ein av gjestene i dag meiner det bør hengjast opp noko dempande på veggane. Kvifor ikkje til dømes strikka noko til slik bruk på neste strikkekafe?